

Frå barnet sitt vindaug

- Oppfølging av foreldre etter Landsbymodellen med tilhørende landsbyverktøy

Barn som bur i fosterheim skal bli møtt og forstått som del av sine komplekse familiesystem. Dei vaksne som saman utgjer barnets landsby, både private og profesjonelle relasjonar, skal samhandle og komplementere kvarandre med utgangspunkt i barnets behov i sentrum. Foreldre som har blitt fråtatt omsorga for sine barn skal få en strukturert oppfølging som kan styrke forutsetningane for at dei kan ta omsorgsansvaret tilbake.



Hovudmål

Barn som bur i fosterheim skal oppleve ein trygg og kjærleg omsorgssituasjon gjennom ei samla ivaretaking, der ressursane frå både foreldre, fosterforeldre og øvrig familie kjem barna til gode – også når dei bur i fosterheim.

Prosjektet har utvikla ein modell for prosessarbeidet etter omsorgsovertaking. Modellen innehelder malar og samtaleverktøy som skal komplementere kvarandre med å sikre strukturert og målretta oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking, regelmessige evalueringar, og vurderingar av spørsmål om tilbakeføring.

Samtalekorta er samtaleverktøy som skal bidra til å skape strukturerte, oversiktlege og trygge samtalar om komplekse tema. Malane skal bidra til å sikre grundige analyser og avgjerdsprosessar i vurderinga av om barneverntenesta skal fremme sak for barneverns- og helsenemnda om tilbakeføring av omsorgsansvar eller fortsette prosessarbeidet med mål om gjenforening,

Prosjektet har også integrert foreldreoppfølging etter den ein systemiske modell for fosterbarnsomsorg, Landsbymodellen. Foreldreoppfølging etter landsbymodellen med tilhørende landsbyverktøy skal sikre heilhet og samanheng, systematikk og individuell tilrettelegging med utgangspunkt i barnets behov i sentrum.

Vil du vite meir?

Ta kontakt med:

Lita Havnevik Erstad, prosjektleiar på e-post: Lita.Erstad@oygarden.kommune.no

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Askøy og Øygarden barnevernteneste og ein del av Læringsnettverket for kommunal barnevernteneste i Vestland. Familie og rettleiingssenteret i Øygarden v/ Anette Børnes deltek betydeleg inn i prosjektet.

[Les meir om Læringsnettverket for barnevernstenestene i Vestland på nettsida til Statsforvaltaren.](#)